



Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Postboks 444
5403 STORD

Dato: 08.04.2015
Vår ref.: 2014/22619-7
Saksbehandlar: mardixo
Dykkar ref.:

Fylkesbudsjettet 2015: Tildeling av kr 130.000,- i næringsretta partnerskapsmidlar: Samarbeidsrådet for Sunnhordland reiseliv

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 er det sett av kr 15,983 mill. kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 8,18 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNN 2016) til å støtte partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2015 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2015 (PS 27/2015). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 35 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2015. Den politiske saka finn de [her](#).

I denne saka blei det gjort vedtak om at Samarbeidsrådet for Sunnhordland - reiseliv skal få kr 130.000,- i partnerskapsmidlar for perioden 2015 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar», dykkar del av kr 650.000,- som er tildelt destinasjonsselskapa i Hordaland. Vi viser også til inngått avtale om partnerskap for denne perioden.

Vi har med dette glede av å melde at vi no utbetaler **kr 130.000,-** til dykkar bankkonto 3530.07.02234 som næringsretta partnerskapsmidlar for 2015. Midlane skal nyttast i tråd med gjeldande partnerskapsavtale og føringar og vilkår i dette tildelingsbrevet.

I sin vurdering av partnerskapsmidlar til dykk peikte fylkesrådmannen på at aktivitetane i Destinasjonsselskapa og gjennom Fellestener for reiseliv Hordaland er i tråd med Hordaland sin reiselivsstrategi og den nasjonale strategien Destinasjon Norge. I HNN vil støtta også være med å styrke arbeid i nettverk, både for medlemsbedriftene i destinasjonane og på overordna destinasjonsnivå.

Rapportering for 2015 skal skje i tråd med partnerskapsavtalen. Partnerskapsmidlar for 2016 vil ikkje bli utbetalt før årsrapportering for 2015 er godkjent.

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Marta Rongved Dixon, telefon 55 23 93 16, e-post marta.dixon@hfk.no

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2015.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.